

26 JAN. 2012

Søknad om dekking av regional del til

kunstprosjektet "Cross-Over".

Mære, 24. januar 2012.

Vi refererer til telefonsamtale tidlegare i dag, med omsyn til søknad om ei regional fullfinansiering av kunstprosjektet "Cross-Over".

Søknad:

Vi søker med dette Levanger kommune om kr 10.000,- for dekking av regional del til kunstprosjektet "Cross-Over".

Budsjett:

Adm. / kontorutgifter	kr	40.000,-
Møtekostnadar	kr	20.000,-
Verkty, materiale, transport	kr	60.000,-
Felles måltid	kr	25.000,-
Tolk	kr	40.000,-
Arbeidskostnader	kr	340.000,-
Ekstern kompetanse	kr	130.000,-
Dokumentasjon	kr	90.000,-
<u>Utvikling av etterbruk</u>	kr	100.000,-
Totalt	kr	845.000,-

Finansierings plan:

Steinkjer kommune.	kr	5.000,-	Løyvd 2008.
Steinkjer kommune. Hovudprosjekt, regional del.	kr	10.000,-	
Verdal kommune. Hovudprosjekt, regional del.	kr	10.000,-	
Levanger kommune. Hovudprosjekt, regional del.	kr	10.000,-	
Nord Trøndelag Fylkeskommune Hovudprosjekt, regional del.	kr	35.000,-	
Nord-Trøndelag Fylkesgalleri.	kr	25.000,-	Løyvd 2009.
<u>Extramidler 2011</u> Hovedprosjekt	kr	750.000,-	Løyvd 2011. Via redd Barna.
Totalt	kr	845.000,-	

Framdriftsplans:

Januar, februar 2012	Mars, april 2012	Mai, juni, juli 2012	August, september, oktober 2012	November, desember 2012
Full finansiering.	Informere om prosjektet eksternt.	1. periode med 2 stk workshop. Gjennomføres på Steinkjer.	2. periode med 1 stk workshop Verdal. 1 stk workshop Levanger	Evaluering av prosjektet.
Konkretisering.				Vidareutvikling av "Cross-Over"
Samarbeidspartnalar.	Etablere ungdomsgruppa			

Samandrag:

- Bakgrunn for prosjektet.
I vårt arbeid som profesjonelle kunstnarar er vi i periodar engasjerte gjennom Den kulturelle skolesekken. Her møter vi skoleklassar der elevane ofte har ein ulik etnisk og kulturell bakgrunn. Desse forskjellane kan skape spenningar som hemmar integreringa og som skaper mistru mellom minoritetsgrupper og majoritetsgrupper.
Gjennom workshopane vi held på skolane, har vi sett at kreativt, praktisk arbeid ofte gjer at fordommene vert borte og at den konstruktive samhandlinga vert styrka.
- Målsetting.
Med å utvikle kunstprosjektet "Cross-Over" skal vi skape arenaer for samhandling mellom ungdom med ulik etnisk- og kulturell bakgrunn, slik at dei vert ein positiv ressurs i utviklinga av vårt fleirkulturelle samfunn.
- Målgrupper.
Det er i ungdomsskolealderen at desse spenningane tek til å utkrystallisere seg. I første omgang vil vi difor tilby opplegget for ungdommar i alderen 13 til 16 år. Målgruppa er asylsøkarar, flyktninger og norske ungdommar i denne aldersgruppa. Prosjektet vil også invitere aktørar som legg grunnlaget for den lokale integreringa. Da dette er eit kunstprosjekt, vil det vanlege publikum kunne følge heile prosessen.
- Gjennomføring.
Prosjektet vert gjennomført som ein workshop, bygd opp med 10 samlingar. Deltakarane skal
 1. Kvar for seg bygge sine private, fysiske rom der dei legg vekt på sin bakgrunn og sine kvalitetar. Bevisstgjering kring individet som ressurs. Stikkord: Kven er eg? Kven er du?
 2. Saman bygge eit fellesrom, der ein legg vekt på at dei individuelle ytringane må tilpasses seg og / eller påverke fellesskapet sine rammer. Stikkord: Kven er vi? Kva er vår samhandling? Kva er vår styrke som gruppe?
 3. Saman med kunstnarane presentere arbeida sine for eit publikum, samt ta del i ein samtale med premissleverandørane for den lokale integreringa.
- Prosjektet sin verdi.
"Cross-Over" skal være ein arena der ein bygger tillit mellom minoritetsgrupper og majoritetsgrupper, slik at ein når målsettingane innan integrerings- og inkluderingspolitikken. Prosjektet skal også vidareutviklast til ein modell som kan brukast i miljø med ei fleirkulturell preging, og i miljø med mykje indre spenning både nasjonalt og internasjonalt.
- Framdriftsplan.

Vedlegg:

Vedlegg til søknad om dekking av regional del til kunstprosjektet "Cross-Over".

Mære, 24. januar 2012

Søkarar:

Bjørg Nyjordet.
Magnar Gilberg.

Kunstnar. Medlem i Norske Kunsthåndverkere.
Kunstnar. Medlem i Norske Kunsthåndverkere.

*Bjørg Nyjordet
Magnar Gilberg*

Adresse	Mære, 7710 Sparbu
Telefon	74143081
Mobiltelefon	45277245
E-postadresse	gilbergnyjordet@hotmail.com

Vedlegg til søknad om dekking av regional del til kunstprosjektet "Cross-Over"
Mære, 24. januar 2012

"Cross-Over" - eit kunstprosjekt.

"Cross-Over" er eit prosjekt der vi i ei samansatt gruppe av ungdommar, med ulik etnisk og kulturell bakgrunn, bruker kunstnarisk kompetanse for å synleggjere deltakarane sine referansar og ressursar. Prosjektet skal arbeide med å bygge relasjonar på tvers av etniske og kulturelle skilje. Prosjektet inviterer difor deltakarar både frå innvandrarmiljøet og frå det norske ungdomsmiljøet.

Saman med to profesjonelle kunstnarar, skal ungdommane bygge to typar rom; eitt privat rom der ungdommane fokuserer på sin eigen kultur og bakgrunn, og eitt felles rom der problemstillinga vert å finne ut kva vi har felles og kva aktivitet det er vi kan ha saman.

Prosjektet skal gjennomførast som workshopar på offentlege stader, som er lett tilgjengelege, slik at publikum kan observere og kommentere prosessen. Prosjektet vert avslutta med eit felles måltid der vi inviterer til samtale mellom deltakarane og personar (politiske / administrative) som er med på å legge premissane for integreringa i lokalsamfunnet.

I pilotprosjektet vert det gjennomført 4 workshopar, 2 stk i Steinkjer kommune, 1 stk i Verdal kommune og 1 stk i Levanger kommune.

Bakgrunn

Vi arbeider på heiltid som skapande kunstnarar, med atelier på Mære, i Nord-Trøndelag. Vi arbeider med separatutstillingar, utsmykkingar i offentlege rom, utviklar og turnérer formidlingsopplegg for barn og unge. Utviklar kunstprosjekt frå tema økologi, natur, gjenbruk.

I vårt engasjement gjennom "Den kulturelle skolesekken" har vi stadig erfart at innvandrarbarn sin kompetanse vert underestimert. Gjennom workshopane vi held på skolane, har vi sett at kreativt, praktisk arbeid ofte gjer at fordommane vert borte og at den konstruktive samhandlinga vert styrka. Vi ønsker difor å utvikle eit prosjekt der personar med ulik etnisk og kulturell bakgrunn kan kome saman for å erfare eit tverrkulturelt samarbeide, der ein opplever dei menneskelege ressursane og der relasjonar kan byggast.

Regjeringa vil sikre at dei nyinnvandra raskast mogleg kan bruke ressursane sine i det norske arbeidslivet og i samfunnet. Dette skal ein primært nå ved å tilegne seg god kunnskap til språket, kulturen og samfunnstilhøva. Innvandrarane skal tilpasse seg det norske samfunnet. Men skal integreringa fungere og innvandrarane verte ein resurs, må også det norske samfunnet være nyskjerrige på innvandrarane og på den kunnskapen og erfaringa dei bringer med seg. Eit pluralistisk samfunn må erkjenne indre spenningar og ut frå det utvikle alternative modellar for kunnskapsutvikling og samkvem.

"Cross-Over" fokuserer på dette. Ungdom med ulik etnisk bakgrunn skal kome saman i eit prosjekt som fokuserer på forståing av det ukjente, slik at det ukjente vert ein ressurs og ikkje ein trugsel mot å utvikle eit fleirkulturelt samfunn.

Målsetting

"Cross-Over" skal utviklast til å verte ein arena for samhandling mellom ungdom med ulik etnisk og kulturell bakgrunn. Ein arena som skal gje deltakarane tryggleik til å eksponere seg og til å bygge relasjonar, slik at individet både kan være ein ressurs og ei utfordring for fellesskapet, og på den måten være med på å prege og å utvikle eit pluralistisk samfunn.

Prosjektet skal sjå etter potensialet når individuelle ytringar må velge mellom å tilpasse seg eller å utfordre eksisterande rammer. Prosjektet vil fokusere på omgrepene; kven er eg, kven er du, kven er vi, kva er vår samhandling?

Målgruppe

Primær målgruppe:

- Ungdom med ulik etnisk og kulturell bakgrunn, inkludert etnisk norske. Felles for ungdommene er at dei må tilpasse seg nye levevilkår og bygge nye relasjonar pga. konfliktar, krig, vold og traumer. Aldersgruppe 13 til 16 år.

Sekundær målgruppe:

- Publikum. Arbeidet med workshoppen vert difor plasserer sentralt, slik at tilfeldige forbipasserande kan oppleve prosessen over heile tidsperioden.
- Sentrale aktørar i det lokale integreringsarbeidet. Desse vert inviterte til ein samtale med ungdommene under avslutningssermonien.

Prosjektgjennomføring

A)

Arbeidsmåten vil være ein workshop, der vi primært bruker kunstnarisk kompetanse for å drive prosjektet. I enkelte faser vil det også være bruk for ulike former for terapeutisk kompetanse. I arbeidet vekslar vi mellom individuelt arbeid, samtalar og gruppearbeid.

Ungdommene vert rettleia av kunstnarane og av personar med ulik terapeutisk kompetanse. Dersom deltakarane ikkje har dei språklege føresetnadane som trengst, må vi bruke tolk.


I denne omgangen vil vi gjennomføre 4 slike workshoppar.

Kvar workshop har ei firedeling:

- 1) Informasjon opp mot samarbeidspartnarar. Fordeling av ansvarsområde. Tilpassing av delmål og oppsetting av milepælsplan til kvar workshop.
- 2) Workshop, der vi arbeider konkret saman med ungdommene. Dette arbeidet har to fasar; først arbeider kvar ungdom med sitt private rom, så arbeider ungdommene som gruppe med eit felles rom. For å nå målsettinga i prosjektet, skal deltakarane bygge fysiske, konkrete rom (sjå konkretisering under). Å arbeide med rom, gir mange moglegheiter til å uttrykke seg; eit rom kan være personleg, lukka, opent, avvisande, inkluderande, representere ulike stemningar og synleggjere historie, kultur, samt ulike ferdigheiter og interesser hos den som har laga rommet.
- 3) Ei avslutning, der vi held eit felles måltid i dei bygde romma. Ungdommene presenterer prosjekta for publikum. Vi inviterer også til ein samtale mellom ungdommene, aktørar for integreringsarbeidet, publikum og media.
- 4) Dokumentasjon og evaluering, som seinare gir grunnlaget for å utvikle ein mal for å vidareføre desse workshoppane til andre fleirekulturelle miljø.

Konkretisering av pk 2

Første fase er at kvar deltakar skal bygge sitt private rom. Dette rommet vert eit slags tredimensjonalt minne, som representerer denne ungdommen sin bakgrunn, sin kunnskap, sine livserfaringar og drømmar. Individet vert synleggjort som ressurs.



Neste fase vert så å arbeide med eit fellesrom for denne gruppa, rommet som vert til mellom dei private romma. Kva skal handlinga i dette rommet være? Korleis skal dei private personane uttrykker seg i dette fellesrommet og korleis skal fellesrommet bearbeidast for å opplevast som noko ein har felles? Korleis kjem ein seg frå sitt private rom og over i fellesrommet?

I kvar workshop er vi to kunstnarar som arbeider med ei gruppe på 12 til 14 stk barn/ungdom. Aldersspennet ligg frå 13 til 16 år. I rekrutteringsarbeidet vil vi støtte oss til Flyktninge- og aktivitetstjenesten, asylmottak, samt til skolane. Barna/ungdommane vert inviterte til prosjektet og vi vel ut deltakarane i samråd med skole, asylmottak, samt Flyktninge- og aktivitetstjenesten.

Kvar workshop inneholder:

Antal samlingar	Aktivitet
2 samlingar	<ul style="list-style-type: none">• Presentasjon av prosjektet og deltakarane.• Diskutere det individuelle uttrykket, som skal representere kvar deltar. Her går vi nærmare inn på kvar person si ”forteljing” / sitt ”minne”
1 samling	<ul style="list-style-type: none">• Leite etter stad å bygge fysiske rom på – finne sin stad.• Leite etter materialar til byggeprosessen.
3 samlingar	<ul style="list-style-type: none">• Byggeperiode for det private rommet.
1 samling	<ul style="list-style-type: none">• Presentasjon og gjennomgang av private rom.• Diskutere strategiar for bygging av fellesrom.
2 samlingar	<ul style="list-style-type: none">• Byggeperiode for fellesrom
1 samling	<ul style="list-style-type: none">• Avslutning. Fellesmåltid der vi inviterer til ein gjennomgang av prosjektet og til ein samtale mellom deltakarane, publikum og sentrale aktørar for integreringsarbeidet i området.

B)

Moglege stader

På Steinkjer er det fleire alternative område – Steinkjer torg, Jernbaneparken, Rismelen, Furuskogen. På Levanger og i Verdal finst også område med tilsvarende kvalitetar.

C)

Materiale

Mest mogleg gjenbruksmateriale, da også det har noko med å leite etter tidlegare ressursar og å avdekke eit mogeleg potensial. Det handlar også om å avstemme ulikskapar, slik at dei kan opptre i ei felles oppleveling.

D)

Dokumentasjon

Til videodokumentasjon ønsker vi å bruke Tariq Alisubh, Steinkjer. (Journalist og TV produsent)

Til stillfoto ønsker vi å bruke Aina Bye, Levanger. (fotograf)

E)

Etterbruk

Opplegget skal vidareutviklast til

- ein modell som kan brukast i miljø med ei fleirkulturell preging, og til miljø med mykje indre spenning; nasjonalt og internasjonalt. (kan kanskje også koplast opp mot terapi, forsoning, eigeutvikling)

Her ønsker vi å samarbeide med Flyktningjenesten i kommunane, Integrerings- og mangfoldsdirektoratet i Midt-Norge, samt FNs høykommissariat for flyktninger.

- Opplegget kan også vidareutviklast til eit skoleprosjekt i samarbeide med Den Kulturelle Skolesekken.
- Video og stillbilde frå prosessen kan utviklast til eit eige etterbruksprosjekt. Vi tenker oss ei vandreutstilling utvikla i samarbeide med Falstadcenteret.

Framdriftsplan

Januar, februar 2012	Mars, april 2012	Mai, juni, juli 2012	August, september, oktober 2012	November, desember 2012
Full finansiering.	Informere om prosjektet eksternt.	1. periode med 2 stk workshop. Gjennomføres på Steinkjer.	2. periode med 1 stk workshop Verdal. 1 stk workshop Levanger	Evaluering av prosjektet.
Konkretisering.				Vidareutvikling av "Cross-Over"
Samarbeidspartnarar.	Etablere ungdomsgruppa			

Prosjektet sin verdi

Skal ein nå regjeringa sitt mål innan integrering og inkludering, er det viktig at ein klarer å bygge opp tillit mellom minoritetsgrupper og majoritetsgrupper.

Prosjektet "Cross-Over" skal være ein arena, der ein kan utveksle erfaringar og bygge relasjonar på tvers av kulturell og etnisk bakgrunn. Med å delta på ein slik fellesarena og synleggjere eigen ståstad, kan ein bygge tillit mellom ulike grupper i lokalsamfunnet. Ein tillit som igjen kan føre til at innvandrarar står sterke i arbeids og organisasjonslivet. Gjennom å være ein del av eit fellesskap og utføre meiningsfulle aktivitetar, kan ein bygge eit sosialt fellesskap og utvikle sosial kompetanse. Dette er viktige erfaringar både for individet og for grupper, og vil være ein av suksessfaktorane i integreringsarbeidet.

Prosjektet har også ein eigenverdi, som eit sjølvstendig kunstverk.